



Saksbehandlar: Liv Jorunn Frønsdal

Rådmann: Sigurd Eikje

| Saksnr. | Utval         | Møtedato |
|---------|---------------|----------|
|         | Formannskapet |          |

# Forslag til forskrift om folkevalde si rett til godtgjersle, utgiftsdekning og velferdsgoder

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek å legge forslag til forskrift om folkevalde si rett til godtgjersle, utgiftsdekning og velferdsgoder ut til offentleg høyring, med høyringsfrist 15.08.23.

---

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det gjeldande reglementet for møte- og reisegodtgjersle vart vedteke i kommunestyret 18.06.2019, og vart stadfesta av nytt kommunestyre i konstituerande møte 24.10.19.

Dagens reglementet baserer seg på føresegnehene i kommuneloven, og følgjer tilrådingane frå KS. Administrasjonen si oppfatning er at dagens reglementet fungerer bra, men at det er behov for enkelte presiseringar/endringar.

### Saks- og faktaopplysningar

Den nye kommuneloven trådde i kraft i ved konstitueringa etter kommunevalet i 2019, og det er kapittel 8 i loven som regulerer dei folkevalde sine rettar og plikter. Dei nye føresegnehene seier at kommunestyret sjølv skal gi nærmere reglar i forskrift om krav etter kapittel 8. Dette vart ikkje gjort i Tysvær kommune, og reglane har derfor vore regulert i det vedtekne reglementet.

At reglane for godtgjersle, utgiftsdekning og velferdsgoder nå skal bli vedteke som forskrift medfører at krav om forskrifter i forvaltningsloven skal være oppfylt. Forvaltningsloven stiller blant anna krav til korleis forskrifter skal være utforma, at den skal ut på høyring og at den skal kunngjeraast på lovdata.

Forslag til forskrift vert sendt til formannskapet, med forslag til vedtak om å legge den ut på høyring. Etter høyringsrunden kjem saka tilbake til ny behandling, og skal endeleg bli vedtatt i kommunestyret.

Det er ikkje lenger eit krav om at forskrifta skal bli stadfesta av nytt kommunestyre. Frå det tidspunkt kommunestyret vedtek forskrifta er den gjeldande fram til eit ev. nytt forskriftsvedtak.

### **Arbeidet med revideringa**

I møte med gruppeleiarane 09.01.23 tok ordføraren opp reglementet som tema, og ba gruppeleiarane ta dette med seg tilbake til sine respektive grupper. Administrasjonen hadde sett opp nokre punkt som var aktuelle å sjå nærrare på, og ba i tillegg om å få innspel dersom det var andre punkt som de folkevalde ønska å få vurdert. Tilbakemeldinga frå gruppeleiarane var at administrasjonen skulle utarbeide eit forslag basert på dagens reglement, med dei tilpassingane som vart tatt opp i møtet.

Forskrifta tek ikkje høgde for eventuelle endringar i den politiske organiseringa. Dersom det blir endringar i struktur må, om nødvendig, ny forskrift endrast og bli vedteken av kommunestyret.

Reglane for godtgjersler vert ofte samanlikna med nabokommunane. I 2015 vart det sett opp ei omfattande samanlikning med nabokommunane og andre kommunar som Tysvær kan samanlikne seg med. Men det er vanskeleg å samanlikne kommunane direkte. Ulik politisk organisering og ulik utforming av forskrift/reglementet medfører at ikkje kun kan sjå på satsane, men på heilskapen. Tysvær skil seg ikkje ut med høgare eller lågare satsar enn kva det som er vedteke i nabokommunane og kommunar av same storleik (i same Kostra-gruppe).

Nabokommunane er kontakta for å høre om dei har større endringar på gong. Tilbakemeldingane er at det kun er små korrigeringar/presiseringar som er under utarbeiding.

### **Forslag til endringar i reglementet**

Forslag til ny forskrift ligg som vedlegg til saka. Endringar som vert foreslått er merka med rødt. Det som er foreslått tatt ut, er streka over. Det er også gjort noko endring i formalia/struktur på grunn av endring frå reglement til forskrift.

Forslag til endringar vert kommentert nedanfor.

#### **§1 Formål og §2 Virkeområde**

Erstattar tidlegare pkt. 1 *Formål og virkeområde*, pkt. 2 *Kva møter reglementet omfattar* og pkt. 3 *Formkrav*. Omskrivinga/samanslåinga vert gjort ut frå krav til forskrift. Det er ingen større endringar i innhaldet. Reglementet gjeld for die same folkevalde og same type møter som tidlegare.

Tidlegare pkt. 1.4 er flytta. Sjå kommentar til §§6-4 og 6-5.

#### **§3-1 Generell møtegodtgjersle og §3-2 Godtgjersle for enkeltsaker**

Satsen for møtegodtgjersle er ikkje regulert sidan reglementet vart vedteke i 2019. På lik linje med anna lønnsutvikling er det naturleg at også denne godtgjersla vert auka. Rådmannen foreslår at satsane som i dag er på kr 1000 og kr 1200 vert auka til hhv kr 1200 og kr 1500.

Det vert også foreslått å auke godtgjersla for frammøte i ein enkeltsak frå kr 500 til kr 600.

Dersom ein tek utgangspunkt i antal møter i snitt dei siste åra vil auken i møtegodtgjersle ha ein årleg meirkostnad på ca kr 260 000.

#### §3-4 Fleire påfølgande møter

Her er det i praksis liten endring, men ei presisering kva utval det gjeld. Tidlegare fekk ein kr 500,- for møter som er på same dag som møter i formannskap. Dette er nå presisert til å gjelde for utval som tiltak- og næringsfondet, valstyret og administrasjonsutvalet. Det vert foreslått at godtgjersla for kommuneplanutvalet er full sats, uavhengig av om det er eigen møtedag eller same dag som formannskap.

#### §6-2 Faste godtgjersler til andre leiarar

Endring i saksmengde og kompleksitet i sakkyndig nemnd for eigedomsskatt og klagenemnd for eigedomsskatt gjer at rådmannen foreslår å auke godtgjersla til leiarane av nemndene frå kr 10 000 til kr 30 000.

#### §6-3 Andre faste godtgjersler

I dagens reglement er det ei todeling knytt til dette punktet. Formannskapsmedlemmer får ein sum på kr 60 000,- i fast godtgjersle, og alle andre medlemmer i kommunestyret og/eller hovudutval får kr 25 000,- i fast godtgjersle.

Rådmannen har fått tilbakemelding frå folkevalde om at det vert opplevd som urettferdig at dei som er medlemmer både i hovudutval og kommunestyre får same fast sum som dei som kun er medlem i kommunestyret eller hovudutval.

Det vert derfor lagt inn forslag om at fast godtgjersle for å være medlem i hovudutval eller kommunestyret framleis er kr 25 000,-, medan dei som er medlem både i hovudutval og kommunestyret får kr 35 000,-.

Dersom ein tek utgangspunkt i fordeling av representantar pr. d.d. vil denne endringa få ein meirkostnad på kr 110 000,- pr. år.

#### §6-4 Trekk i fast godtgjersle og §6-5 Utbetaling av fast godtgjersle til varamedlemmer

Dette punktet vart lagt fram på gruppeleiarmøte, og rådmannen fekk i oppdrag å finne ei anna løysning enn dagens reglar.

I følgje dagens reglement skal det to gonger pr. år avrekna for kor mange møter medlemmer prosentvis har hatt forfall til. Dette skjer i samband med utbetaling av møtegodtgjersle.

Utfordringa med prosentvis trekk er at dette slår ulikt ut, alt etter kor mange møter utvalet har hatt siste halvår.

Døme:

Det er 4 møter i levekårutvalet og 5 møter i teknisk utval i løpet av eit halvår. Dersom fast medlem har forfall frå eit møte i levekår tilsvrar det 25%, og vedkommande skal ha trekk i fast godtgjersle på kr 3 125,-. Har eit fast medlem i teknisk utval forfall i eit møte same halvår utgjer det berre 20%, og vedkommande får ikkje trekk.

Det same vil då gjelde for varamedlem som møter i eit møte i levekår. Hervil vedkommande får utbetalt kr 3 125,- i fast godtgjersle i tillegg, medan varamedlem som møter i eit møte i teknisk utval ikkje vil få fast godtgjersle.

Rådmannen foreslår derfor å endre fra prosentvis trekk til trekk pr. møte. Det bør være rom for å melde forfall til møte utan å få trekk i fast godtgjersle. Forslaget er derfor å ta trekk i fast godtgjersle frå og med forfall til det tredje møte pr. halvår, med eit trekk på kr 2000,- pr. møte (frå og med første møte).

Tilsvarande vil gjelde for utbetaling av fast godtgjersle til varamedlem. Ved oppmøte i tre eller fleire møter pr. halvår vil varamedlem få utbetalt fast godtgjersle på kr 2000,- pr. møte.

Kostnadsmessig vil dette ikkje ha noko særleg konsekvens, då sum for trekk/utbetaling vil bli nokolunde det same som før. Endringa vil gjere det meir rettferdig og lettare å administrere.

#### §7 Kjøre- og reiseutgifter

Sjølv om dagens reglement ikkje har vore tydeleg på om medlemer i hovudutval har rett på kjøregodtgjersle til gruppemøter har dette likevel vore praksis. Dette er nå presisert og foreslått tatt inn i forskrifta.

#### §13 Sjukelønsordning

Ved sjukemelding vil folketrygda dekke inntil 6G i sjukeløn. KS tilrår at kommunane, for dei folkevalde som har vervet som ditt hovudvirke, dekker mellomlegget mellom fullgodtgjersle og 6G. Dette er innarbeida i forslaget.

#### §14 Permisjonar

Dette punktet er nytt. I kommuneloven §8-10 står det følgjande: «*Kommunestyret skal selv gi forskrift om permisjon for folkevalgte som har vervet som sin hovedbeskjeftegelse*».

Følgjande permisjonar kjem inn under føresegne: svangerskapskontroll, svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon, ammefri, barn og barnepassars sjukdom, omsorg for og pleie av nærstående, militærteneste og religiøse høgtider.

Kommuneloven §8-10 gir den folkevalde rett til å behandle godtgjersla etter same reglar som gjeld for tilsvarande permisjonar for tilsette i kommunen. KS tilrår på dette punktet, som for sjukeløn, at kommunane betalar mellomlegget mellom det den folkevalde har krav på å få utbetalt frå folketrygda, og det den fokevalde ville fått i godtgjersle i den same perioden.

#### **Rådmannen sin konklusjon**

Godtgjersle til folkevalde er eit viktig virkemiddel for å sikre brei og god rekruttering til oppgåvene som folkevald. Gjeldande reglement for møte- og reisegodtgjersle er i tråd med føresegne i kommuneloven og KS sine tilrådingar. Dette gir dei folkevalde i Tysvær kommune gode økonomiske arbeidsvilkår. Endringane som er lagt fram i forslag til forskrift er presiseringar og oppklaringar som ein i gjeldande kommunestyreperiode har sett behov for å korrigere.

Rådmannen tilrår at forslag til forskrift vert lagt ut på offentleg høyring. Høyringsforslaget vert sendt til alle tre råda for uttale, og i tillegg til alle dei elleve partia som stiller liste til kommunevalet hausten 2023.

#### **Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.**

Kommuneloven kap. 8

**Vedlegg:**

Forslag - Forskrift om folkevalde si rett til møte- og reisegodtgjersle i Tysvær kommune